



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/672 - 16/13952

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

04.07.2016

Svar på førespurnad om plantstatus på byggetiltak på GBNR 9/207

Dykkar ref: Marianne Skulstad:

Kommunen har vurdert søknaden i høve til kommuneplanen. Det overordna arealføremålet er LNF, men det er i føresegnene til gjeldande kommuneplane lagt inn som LNF-spredd fritid då det og ligg ei hytte på eigedomen. Lnf-fritid opnar for fleire mindre tiltak utan dispensasjon, men både eksisterande våningshus eller ny driftsbygning er i tråd med landbruksføremålet i plan, og treng difor ikkje dispensasjon.

Søker eig GBNR 9/1,3,4 og 5 i tillegg til GBNR 9/207, der han driv landbruk som næring på desse eigdommane. Driftsforma er utegangardrift på gamal norsk spælsau og beiteområde med skjul og foringsplass er på nordsida vegen. Det er gjerda inn eit større område på GBNR 9/1,4,5 og 207 og om lag 50 daa av desse er godkjent som innmarksbeite. Størsteparten av jordbruksarealet på bruket ligg på nordsida av vegen og det er difor teneleg å ha ein driftsbygning/reiskapshus til lager for og maskiner.

Området har høge kulturlandskapskvalitetar både landskapet (delar er registrert som hagemark i naturbasen) og kulturminne som steingardar og andre tørrmurte byggverk. Ut frå omsynet til kulturlandskapet vil plassering på dei gamle husgrunnane vera det som gjer minst inngrep i landskapet, og ein får tatt vare på den tørrmurte grunnmuren som er typisk for området.

Når det gjeldt eksisterande avkjørsel vart denne opparbeidd av statens vegvesen i samband med bygging av ny riksveg. Den er godkjent avkjørsel til bustad og landbruksareal på nordsida av vegen, og oppføring av ny driftsbygning vil ikkje medføre endra bruk.

Ta kontakt dersom det er trong for meir utfyllande opplysningar.

Kommunen ber om at Statens vegvesen fattar avgjerd etter veglova.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:
Kjell Stople

Rosslandsvegen 5918
787

FREKHAUG

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER